

Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3880 - 14/16841

Saksbehandlar:
Siril Therese Sylta
Siril.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:
10.07.2014


Oversending av søknad om dispensasjon til uttale - gbnr 247/8 Dyrkolbotn

Saka gjeld søknad om oppføring av påbygg til eksisterende hytte med BYA 27, 37 m².
Utnyttingsgrad på tomte er i søknaden opplyst å vere 12, 31 %. Det er søkt dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen sin arealdel for oppføring av tilbygget.

Det ligg føre naboerklæring om plassering av tiltaket inntil 3 meter frå nabogrensa.

Planstatus

Eigedommen ligg i LNF- område i kommuneplanen sin arealdel og innanfor omsynssone friluftsliv.



VURDERING

Dispensasjon

Lindås kommune har gjort ei førebels vurdering av dispensasjonen i denne saka.

Eksisterande hytta har i dag eit BYA på 49, 5 m², etter omsøkte tiltak er BYA på 76, 8 m². Det er såleis snakk om ei mindre utviding av ei hytte som i utgangspunktet er av ein beskjeden storleik. Eigeedomsmen er bebygd i dag, og ei utviding av hytta vil ikkje endre bruken av eigedommen og slik vi vurderar det vil ein dispensasjon heller ikkje få negative verknadar for omgjevdane.

I retningslina i kommuneplanen punkt 5.7 står det:

Det kan gjevast dispensasjon for mindre tiltak etter pbl § 20-2 bokstav a og tilleggsareal inntil 200 m² på eksisterande fritidseigeedomar når samla utbygging er innafor grensene fastsett under, tiltaket ikkje er til vesentleg ulempe for omsyna bak LNF-føremålet og føremonene elles er klart større enn ulempene. Bygd areal (BYA) bør ikkje overstige 20 %. Samla bruksareal (BRA) for fritidsbustad, garasje og uthus bør ikkje overstige 120 m². Maksimal gesimshøgde bør ikkje overstige 6,0 m og maksimal mønehøgde 9,0 m. Høgdena vert målt frå planert terreng.

Sett vekk frå at eit påbygg ikkje er eit mindre tiltak etter pbl § 20-2 bokstav a, så er den omsøkte utbygginga vurdert å vera inannfor retningslinene i kommuneplanen sitt punkt 5.7, når det gjeld krav til BYA og samla BRA for fritidsbustader.

Etter ei førebels vurdering av saka meiner Lindås kommune at tiltaket det vert søkt om ikkje vil vera skadelidande for dei omsyna som LNF føremålet skal ivareta. Lindås kommune er positiv til å gje dispensasjon.

Søknad med vedlegg er lagt ved.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Siril Therese Sylta
konstituert fagleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om løyve til tiltak - gbnr 247/8 Dyrkolbotn - tilbygg fritidsbustad
Opplysningar om tiltakets ytre rammer
Nabovarsel og erklæring
Situasjonsplan
Teikningar
Søknad om ansvarsrett, gjennomføringsplan og kontrollerklæring
Svar på søknad om sentral godkjenning
Søknad om dispensasjon - gbnr 247/8 Dyrkolbotn - tilbygg fritidsbustad

Kopi til:

Frank Hustig Byggefirma

Eidavegen 192

5993

OSTEREIDET

Kopi til:

Rolf Bjørn Skaug

Floebakken 86 5009

BERGEN

Mottakrar:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310 5020

BERGEN

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Postboks 7900 5020

BERGEN